



---

## NOTAT

---

**Frå:**

Trude Hoflandsdal Letnes  
Rådmann  
Rådmannen

**Dok.dato: 03.03.2016**

**Dok.nr.: 15/271-11**

**Arkivkode: K1 - 002**

---

### REFERAT FRÅ STYRINGSGRUPPA 3.3.16

**Til stades:**

Ingebjørg Winjum  
Hans Jacob Mæland  
Knut Endre Folkedal  
Annlaug H. Såkvitne  
Marianne Espeland

**Status**

Det blei gjennomført innleiande samtalar om ny intensjonsavtale mellom Ulvik, Ullensvang og Granvin 2.3.16. Eidfjord har bedt om møte nytt 8. mars 2016.

Under samtalane 2.3.16 gav Ingebjørg klar beskjed til dei andre ordførarane om at ho ikkje trudde det var mogleg å gjennomføra ein reform i Granvin dersom sjukeheimen blei flytta. Styringsgruppa deler ordføraren sin uro for dette og ynskjer at ein eventuell ny avtale skal ta omsyn til folkekravet om framleis sjukeheim i Granvin.

Styringsgruppa er uroa for utviklinga i reforma i Hardanger og for moglegheita for at fleire av nabokommunane trekkjer seg, eller stemmer nei i ei folkerøysting. Styringsgruppa ynskjer å vurdera forhandling om alternative avtalar med Kvam og Voss. Rådmannen skal utarbeida eit scenario notat som skisserer utfordringar og moglegheiter.

Ulike moglegheiter og konsekvensar av folkerøysting kontra spørjeundersøking blei drøfta. Det blei ikkje konkludert i saka.

Nytt møte er sett opp onsdag 9.3.16 kl. 1600.

